



rapport.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

EØS-avtalen etter Europautredninga

medlemskap var alternativet. 16 prosent vil heller ha EU-medlemskap. Dei siste svara er på lik linja med svara frå undersøkinga frå før Europautredninga vart offentleg.

Paal Frisvold, leiar i Europabevegelsen, gler seg over den støtta til EØS-avtalen målinga viser.

– Det ser ut til at folk er fornøgd med å vere med i EU/EØS. Folk tenkjer ikkje som Nei til EU som vil ha Noreg ut av Schengen, ut av EØS og halde oss borte frå EU, seier Frisvold.

Han legg til at han er glad for at folk ser ut til å finne seg til rette med EØS-avtalen.

– Sjølv vår fremste professor i EU-rett vart overraska over funna i Europautredninga. Rapporten deira viser kor tett Noreg er knytt til EU. Folk i Noreg er jo med i EU, det er berre regjeringa som ikkje er med, seier Frisvold.



Sigbjørn Gjelsvik, leiar for Alternativer til dagens EØS-avtale er ikkje einig.

Er påverka

– Det er ikkje rart at fleire svarar at dei stør EØS-avtalen

ER MED

«Noreg er tett knytt til EU. Folk i Noreg er jo med i EU, det er berre regjeringa som ikkje er med»

PAAL FRISVOLD, LEIAR I EUROPABEVEGELSEN

etter to veker der utanriksministeren og Europautredninga har prøvd å banke inn at det ikkje finst noko alternativ, seier han.

– Sjølv om folk seier ja til EØS treng ikkje det å betyr at folk er fornøgd med dagens avtale. Den store oppslutnaden om ein handelsavtale tyder på at svært mange ønskjer ei ordning som grip mindre inn i kvardagen enn dagens EØS-avtale, seier Gjelsvik.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no

Fakta



Europautredninga

* **Sett ned av** regjeringa for å greie ut Noregs avtalar med EU.

* **Leia av** Fredrik Seiersted, professor i Europarett ved Universitetet i Oslo.

* **La fram rapporten** «Utenfor og innenfor – Norges avtaler med EU» 17. januar.

* **Konkluderer med at** Noreg er djupt integrert i EU og tilpassa tre firedelar av EUs lovgiving.



EØS-avtalen

* **Gjeld for EU** og EFTA-landa Noreg, Sveits og Liechtenstein sidan 1994.

* **Gir tilgang til** EUs indre marknad.

* **Er dynamisk, avtalen** blir automatisk oppdatert når nye lover og direktiv på områda avtalen dekkjer blir vedteke i EU.

* **Blir overvaka av** overvakingsorganet ESA.



Ny EØS-måling

* **51,1 prosent seier** ja og 29,2 prosent seier nei til EØS-avtalen.

* **Viss valet stod** mellom EU-medlemskap og EØS-avtalen svarar 64,4 ja til EØS og 16,6 ja til EU.

* **Viss valet stod** mellom EØS-avtalen og ein handelsavtale svarar 24 prosent ja til EØS og 46,7 prosent ja til handelsavtale.

* **Målinga er gjort** av Sentio, 1000 spurde, etter at Europautredningen ble lagt fram 17. januar.